



## Møteinnkalling

**Utval:** SOGN REGIONRÅD  
**Møtestad:** Kommunestyresalen, Sogndal  
**Møtedato:** 25.01.2013 **Tid:** 09:00

Eventuelt forfall skal meldast til telefon 57 62 96 14 - Varamedlemmar møter etter nærare avtale.

## Sakliste

Saksnr.	Arkivsaksnr.	Tittel
1/13	13/274-1	<b>Val av leiar for Sogn regionråd 2013</b>
2/13	13/266-1	<b>Orienteringssaker 25.1.2013</b>
3/13	12/3564-4	<b>Møteplan for 2013</b>

Sogndal, 18. januar 2013

Noralv Distad  
leiar

Karina Nerland  
dagleg leiar

## Sogn regionråd

---

Saksh.: Karina Nerland  
Arkivsak: 13/274

---

Arkiv: 033 &amp;85

**Saksnr.:** Utval  
1/13 Sogn regionråd

**Møtedato**  
25.01.2013

**Sak** 1/13

**Val av leiar for Sogn regionråd 2013**

**Tilråding:**

For 2013 vert

- ---- vald som leiar i rådet
- ---- vald som nestleiar i rådet.

**Saksutgreiing:**

I samsvar med vedtektene § 3 skal det veljast leiar og nestleiar på første rådsmøtet kvart år. Oversyn over leiarverva dei seinare åra:

Noralv Distad, leiar for 2011-2012, med Jarle Aarvoll som nestleiar.

Torodd Urnes, Luster kommune har vore leiar i 2010 og 2011

Jarle Aarvoll, Sogndal kommune har vore leiar i 2009

Marta Finden Halset, Vik kommune har vore leiar i 2008

Olav Lunden, Leikanger kommune var leiar i 2006 og 2007.

Knut O. Aarethun, Lærdal kommune var leiar i 2004 og 2005.

Olav Wendelbo, Lærdal kommune var leiar i 2002 og 2003.

Oddbjørn Einan, Årdal kommune var leiar i 2001.

Jarle Skaartun, Sogndal kommune var leiar i 2000.

Ivar Bjarne Underdal, Aurland kommune var leiar i 1998 og 1999.

Sogn regionråd

---

Saksh.: Karina Nerland  
Arkivsak: 13/266

---

Arkiv: 065

**Saknr.:** Utval  
2/13 Sogn regionråd

**Møtedato**  
25.01.2013

**Sak** 2/13

**Orienteringssaker 25.1.2013**

**Orientering og drøfting**

Fagleg utgreiing om organisering av vidaregåande opplæring – orientering og dialog om arbeidet ved prosjektleiar Wiggo Hustad, Deloitte.

**Skriv og melding**

Invitasjon til samarbeid om Aurlandskonferansen, jf vedlegg.

Aurland, 20.12.2012

Sogn regionråd  
Postboks 156  
6851 Sogndal



## Aurlandskonferansen – invitasjon til samarbeid

Som ein del av evalueringsprosessen i etterkant av Aurlandskonferansen 2012, har vi hatt møte med dagleg leiar i Sogn regionråd for å diskutera styrking av det regionale perspektivet i konferansen. Med bakgrunn i det rettar vi no ein konkret førespurnad til regionrådet om å ta del i vidareutviklinga av Aurlandskonferansen.

Aurlandskonferansen vart arrangert første gongen i 2008, som eit 1-dags næringsseminar i samband med Nynorske litteraturdagar. Formålet var å utvikla kulturarrangementet til også å involvera næringslivet. Frå 2009 har Aurlandskonferansen vore ein årleg næringskonferanse over 2 dagar, arrangert i siste halvdel av oktober.

Aurlandskonferansen er eit samarbeid mellom Aurland Næringsutvikling, Aurland Sparebank og Nynorske litteraturdagar. Målet har vore å etablere ein årleg møteplass for lokalt og regionalt næringsliv, forvaltning og utviklingsaktørar, med hovudvekt på sentrale spørsmål for næringslivet, men også på utviklinga i regionen generelt.

Innhaldet i konferansen er prega av slagordet «Framover saman», ei vektlegging av at framgang og suksess vert til gjennom samarbeid med andre og med innsats og bidrag frå mange. Vi har hatt eit regionalt fokus på arbeidet med konferansen heilt frå starten, der vi i komposisjon av program har lagt stor vekt på å finna tema med regional interesse og aktualitet. Det er likevel framleis eit stort potensiale for å styrkja den regionale forankringa av konferansen, og vi meiner at det best kan gjerast gjennom breiare involvering og tettare samarbeid med regionale aktørar og organ. Vi har også konkrete planar om å involvera næringslivsapparatet i regionrådskommunane. På den måten kan vi ta med oss eit breiare perspektiv på sentrale spørsmål og utfordringar for heile regionen.

Vi håpar Sogn regionråd ser positivt på førespurnaden vår om å ta del i eit samarbeid for å utvikla Aurlandskonferansen som regional årleg møteplass. Konkrete avklaringar om innhaldet i eit eventuelt samarbeid må diskuterast nærmare. Det viktigaste er å få til engasjement og involvering i den tematiske og innhaldsmessige utviklinga av konferansen, slik at vi i enno større grad kan setja på dagsorden tema som femner heile regionen, både næringsaktørar, utviklingsaktørar, forvaltning og politisk miljø. Vi ser framleis føre oss at eigarskapen til konferansen vert som i dag, og at det praktiske arbeidet med konferansen skal koordinerast av noverande organisasjon.

Med helsing

Arve Tokvam  
Prosjektleiar  
Nynorske litteraturdagar

Gunnar J. Onarheim Sulen  
Banksjef  
Aurland Sparebank

Olav Lühr  
Dagleg leiar  
Aurland Næringsutvikling

## Sogn regionråd

---

Saksh.: Karina Nerland  
Arkivsak: 12/3564

---

Arkiv: 033 &amp;85

<b>Saksnr.:</b>	<b>Utval</b>	<b>Møtedato</b>
29/12	Sogn regionråd	26.10.2012
3/13	Sogn regionråd	25.01.2013

**Sak**        **3/13**

**Møteplan for 2013****Tilråding:**

Møteplan for interkommunale selskap: 7. mai og 22. oktober

**Saksutgreiing:**

Møteplan vart handsama 26.10.2012 og rådet vedtok m.a. 25. april og 24. oktober som møtedagar for interkommunale selskap. Rådet bør setja av to andre dagar fordi datoane kolliderer med politiske møte i kommunane.